



Det har skjedd noko historisk i Ospelunden i dag: Eit Anebyhus, produsert av Hedalm Anebyhus på Ilseng på Hedemarken, er i ferd med å bli montert.

Det kom til byggeplassen rundt midnatt og byggherrene Mikael Røsland og Janne Yri reknar med at det tek ei veker tid å få opp råbygget. Men huset er nok ikkje heilt ferdig før i mars.

er det klart største byggjefeltet i Uskedalen.

No er det store spørsmålet når det kjem til å skje noko meir, men uskedalen.no kjenner i alle fall til at det går føre seg drøftingar mellom grunneigarane for om mogeleg å få fortgang i prosjektet.

Når det så gjeld husprodusenten Anebyhus, som satsar på den svenske og norske marknaden, er det eit hus med tradisjonar som no er i ferd med å koma på plass og som får ein flott beliggenheit.

Anebyhus i Småland starta ferdighusproduksjonen sin allereie i 1945. I tillegg til produksjonen i Sverige har dei produsert hus på llseng i mange år.

Av Ola Matti Mathisen

